

Kvinnherad Taxi AS

Pb 198

5460 HUSNES

Husnes 04.08 2015

Hordaland Fylkeskommune

Samferdselsavdelinga

Forvaltningsseksjonen samf.avd

### **Klage på vedtak**

Viser til dykkar brev av 14.08 2015 ref. 2015/552-39.

Dykkar fritak til Ole Skjelnes frå å være tilslutta sentralen til Kvinnherad Taxi AS, (som dessverre er gjort på feil grunnlag, og urette opplysningar frå Skjelnes). Ole Skjelnes har bopelsløyve på øya, men kjører nå ukentlig for vår konkurrent BSG, inn og ut av kommunen. Dette gjer at sentralen ikkje lenger har 7 løyvehavarar, men faktisk berre 4. (Tomas Berius 2 løyver. Irene Engelsen 2 løyver + 2 reservaløyver, Ørjan Bjørnevik 1 Løyve og Arne Bjørnevik 2 løyver). Tørres Vågen kjører heller ikkje gjennom oss, då me som kjent mista helsekjøring og han bur fleire mil unna (i Åkra). Med fråfall av desse tapar Kvinnherad Taxi AS årleg betydelege summar i sentralavgift.

Kvinnherad Kommune er ein langstrakt kommune som gjer at me må fordela vaktordninga på 3 forskjellige plasser. 2 bilar Rosendal, 5 bilar Husnes og 2 bilar Halsnøy. Sjølv om det er kort avstand mellom fastlandet og Halsnøy, er det grunna høge bompengekostnader i Halsnøytunellen, ikkje rekningssvarande å la bilane på Husnes ha vakt her. Kvinnherad taxi AS har tidlegare søkt tunellselskapet om fritak/redusert bompengebetaling, men også her har me fått avslag.

Som eg skreiv i søknaden, slit løyvehavarane med å halde seg til lova, etter dei plikter som løyvemyndighetene pålegg oss. Fleire av løyvehavarane vurderer å gje seg då lønnsomheta ikkje lenger er tilfredsstillande. Me har kjøreplikt, men dessverre lite eller ingen kjøring av og for det offentlige som legg føringar for løyva. (Kor er det blitt av gulrota for løyvehavarane?)

Sidan me får avslag på kjøreplikta, ser me på ein moglegheit til, og håpar å få gjennomslag for den. På den måten kan me kanskje klara å oppretthalda kjøreplikta, og gje eit tilfredsstillande tilbod til publikum.

Me sokje derfor om at Kvinnherad Taxi AS overtar alle løyva og drifter alle bilane. Dagens Løyvehavar blir/er aksjonerer i selskapet og står for drifta. Sjåførane går over på timebasert løn og vil med dette spare selskapet for store summar i løns og driftskostnader. Sidan det er få løyvehavarar og mange leigesjåførar blir det heile tida kamp om dei "beste" turane og mange km med tomkjøring.

Taxidrifta og løyve problematikken i distrikta er eit landsdekkande problem, og ein kan kanskje sei heile næringa er gått ut på dato. **Noko må skje snart, om ein skal og kan vidareføre dagens ordning i vår kommune.**

Mvh

Kvinnherad Taxi AS

Irene Engelsen daglig leiar